

# Eksamen

15.11.2018

HEA2002 Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:** Helsearbeiderfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Desse kompetansemåla blir vektlagt i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte kva det vil seie å vere medmenneske, og korleis ein kan fremme samspel mellom menneske.</li><li>• Drøfte kva respekt og toleranse for andre sine kulturar og tradisjonar, livssyn og sosial status inneber, og drøfte kva dette har å seie for å fremme fysisk og psykisk helse.</li><li>• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjere greie for korleis kommunikasjon kan fremme tryggleik og tillit.</li></ul>

# Oppgåve

## Situasjonsskildring:

Du jobbar som helsefagarbeidar på Lykkebo omsorgssenter. Du har primæransvar for Ellen Halvorsen, som bur i eiga leilegheit på senteret. Ho er 85 år, er enke og har ingen barn. Ellen har hatt sviktande helse dei siste to åra, og behovet for hjelp til gjøremåla i dagleglivet har blitt stadig større.

Ho har også isolert seg meir i leilegheita si det siste halve året, og takkar stadig nei til å ta del i felles arrangement og aktivitetar i regi av omsorgssenteret. Ho var tidlegare veldig aktiv i meinigheita Jehovas vitne, der ho òg hadde det meste av nettverket sitt.

Det nærmar seg jul, men Ellen har ikkje nokon tradisjon for å feire jul på grunn av livssynet sitt. Ho får ofte kommentarar på at ho blir sett på som sær når ho ikkje vil vere med dei andre bebuarane under juleførebuingane. Ho føler at ho ikkje blir respektert for livssynet sitt, og det synest ho er leitt.

- a. Kva vil det seie å vere medmenneske for Ellen?
- b. Drøft korleis du kan bidra til at samspelet mellom Ellen og dei andre bebuarane kan bli betre.
- c. Korleis kan du hjelpe bebuarane på Lykkebo til å vise respekt og toleranse for Ellens livssyn og tradisjonar?
- d. Drøft korleis denne hjelpa kan bidra til å fremme fysisk og psykisk helse.
- e. Beskriv ulike former for kommunikasjon.
- f. Korleis kan ulike former for kommunikasjon fremme tryggleik og tillit mellom Ellen og dei andre bebuarane på omsorgssenteret?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes.</li><li>• Drøfte hva respekt og toleranse for andres kulturer og tradisjoner, livssyn og sosial status innebærer, og drøfte hva dette betyr for å fremme fysisk og psykisk helse.</li><li>• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit.</li></ul>

# Oppgave

## Situasjonsbeskrivelse

Du jobber som helsefagarbeider på Lykkebo omsorgssenter. Du har primæransvar for Ellen Halvorsen som bor i egen leilighet på senteret. Hun er 85 år, enke og har ingen barn. Ellen har hatt sviktende helse de siste to årene, og behovet for hjelp til dagliglivets gjøremål, har blitt stadig større.

Hun har også isolert seg mer i leiligheten sin det siste halve året, og takker stadig nei til å delta på felles arrangementer og aktiviteter, i regi av omsorgssenteret. Hun var tidligere veldig aktiv i menigheten Jehovas vitner, hvor hun også hadde det meste av sitt nettverk.

Det nærmer seg jul, men Ellen har ingen tradisjon for å feire jul pga sitt livssyn. Hun får ofte kommentarer på at hun oppleves som sær når hun ikke vil være med de andre beboerne under juleforberedelsene. Hun føler hun ikke blir respektert for sitt livssyn, og det synes hun er leit.

- a. Hva vil det si å være medmenneske for Ellen?
- b. Drøft hvordan du kan bidra til at samspill mellom Ellen og de andre beboerne kan bli bedre.
- c. Hvordan kan du hjelpe beboerne på Lykkebo til å vise respekt og toleranse for Ellens livssyn og tradisjoner?
- d. Drøft hvordan denne hjelpen kan bidra til å fremme fysisk og psykisk helse.
- e. Beskriv ulike former for kommunikasjon.
- f. Hvordan kan ulike former for kommunikasjon fremme trygghet og tillit mellom Ellen og de andre beboerne på omsorgssenteret?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)